Volda kommune

Rammeavtalen Vedlegg 2

Prosedyre for tildeling av kontraktar på rammeavtalen

Graving og massetransport

Arkivreferanse anskaffing:	26/1978
Leverandør:	[namn leverandør]

Volda kommune

Innhald

1. Innleiing 3
2. Leverandørar 3
3. Avropsprosedyre 3
   3.1. Direkte avrop 3
   3.2. Minikonkurranse 3
   3.3. Framgangsmåten ved avrop 3
      3.3.1. Planlagde oppdrag 3
      3.3.2. Akutte oppdrag 4
4. Kunden sin rett til å gjennomføre ordinær anskaffingsprosess 4
5. Tilbodsplikt 4
6. Avtalevilkår 4

1. Innleiing

Vedlegg 2 inneheld ei beskriving av prosedyre for tildeling av kontraktar under Rammeavtalen, også kalla avrop.

2. Leverandørar

Rammeavtalen er inngått med følgjande leverandørar angitt i prioritert rekkefølge:

1. Leverandør x
2. Leverandør x
3. Leverandør x
4. Leverandør x
5. Leverandør x

3. Avropsprosedyre

3.1. Direkte avrop

Ved planlagde avrop under 350.000,- ekskl. mva, ved akutte oppdrag og beredskapsvakter vil Kunden tildele kontraktar etter prioritert rekkefølgje. Det inneber at leverandør prioritert som nummer 1 får alle avropsførespurnader fyrst. Viss ikkje vedkommande leverandør kan levere innan dei premissene som er satt i avropsførespurnaden, for eksempel innan forespeila tidsfristar, vert førespurnaden sendt vidare til leverandør rangert som nummer 2. Dersom heller ikkje nummer 2 kan levere, vil førespurnaden sendast vidare til leverandør rangert som nummer 3 og så vidare.

3.2. Minikonkurranse

For alle planlagde avrop over 350.000,- ekskl. mva vil Kunden gjennomføre minikonkurranse der alle leverandørane på rammeavtalen får moglegheit til å levere tilbod.

Ved gjennomføring av minikonkurranse kan Kunden anten be om einingsprisar, eller fastpris.

Leverandørens tilbodne einingsprisar er maksprisar. Det inneber at Leverandør kan tilby lågare prisar i minikonkurransar, men ikkje høgare.

Kunden vil bruke eit eller fleire av følgjande tildelingskriterium i minikonkurransar:

- Pris/kostnad
- Løysingsforslag/gjennomføring
- Oppstart- og/eller ferdigstillingstid
- Miljø

Kva Kunden konkret vil vurdere som ein del av tildelingskriteria, og korleis Leverandøren skal dokumentere oppfylling, vil stå i den enkelte avropsførespurnad.

Ved minikonkurranse kan Kunden også inkludere omfyllingsmassar og eventuelt anna materiell.

3.3. Framgangsmåten ved avrop

3.3.1. Planlagde oppdrag

For planlagde oppdrag vil Kunden gjennomføre avrop ved å sende Leverandøren ein førespurnad via e-postadressa i Vedlegg 3 punkt 4 «*Leverandørens mottak av Kundens avropsførespurnader*». Leverandør skal svare på førespurnaden til same e-postadresse Kunden sendte førespurnaden frå.

Avropsførespurnaden frå Kunden vil innehalde eit avropsskjema som angir kva avropet gjeld. Ved minikonkurransar skal svaret sendast innan tilbodsfrist. Ved direkte avrop skal Leverandøren svare innan to verkedagar. Viss ikkje kan Kunden sende førespurnaden vidare til nesterangerte leverandør.

3.3.2. Akutte oppdrag

Med akutte oppdrag meinast oppdrag der Leverandøren må svare på Kunden sin førespurnad umiddelbart, og starte oppdraget innan seinast tre timar. Kunden kan krevje raskare oppstart. Akutte oppdrag vil alltid gjennomførast etter prioritert rekkefølgje, uavhengig av verdi. Gjentakande brot på tidsfristen for oppstart av oppdrag er å sjå som vesentleg misleghald som gir grunnlag for umiddelbar heving av avtalen med aktuelle leverandør.

For akutte oppdrag vil Kunden gjennomføre avrop ved å ringe Leverandøren på telefonnummeret oppgitt i Vedlegg 3 Punkt 4 «*Leverandørens mottak av Kundens avropsførespurnader*». Dersom Leverandøren ikkje kan levere i tråd med behovet, vil Kunden ta kontakt med nesterangerte leverandør.

Ved akutte oppdrag skal Leverandøren hente pukk, grus og anna masser frå Kundens eige lager på Myrtun. Leverandøren skal også levere brukte massar til Myrtun som deponi/mellomlager.

4. Kunden sin rett til å gjennomføre ordinær anskaffingsprosess

For anskaffingar med ein estimert verdi over 500.000,- ekskl. mva. har Kunden rett til å gjennomføre ein ordinær anskaffingsprosess i tråd med forskrift om offentlege anskaffingar / forskrift om innkjøpsreglar i forsyningssektorane. Det inneber moglegheita til å kunngjere anskaffingane i tråd med anskaffingsregelverkets kunngjeringsreglar / innhente tilbod frå andre leverandørar enn dei som er på rammeavtalen.

5. Tilbodsplikt

Leverandør har ikkje tilbodsplikt.

6. Avtalevilkår

Ved gjennomføring av avrop vil oppdragsgjennomføringa regulerast av relevant NS- mal utarbeida av Norsk Standard. Kva NS som gjeld for det konkrete oppdraget framgår av avropsskjemaet. Dei mest aktuelle NS- malane er:

- NS 8405 Norsk bygge- og anleggskontrakt
- NS 8406 Forenkla norsk bygg og anleggskontrakt
- NS 8407 Alminnelege kontraktsbestemmingar for totalentreprisar